# Hardtarbeidande webmaster haustar ros

## «bergsoy.com» blant dei beste nettsidene i landet



** Steffen Kvalsund har lagt ned tre års arbeid med å utvikle nettsidene til Bergsøy fotball, og enda står det mykje att,seier han.*

Bergsøy fotball sine nettsider på «bergsoy.com» har blitt kåra til den åttande beste i landet i ein nasjonal konkurranse. Bak dei veldesigna og informasjonsspekka nettsidene står herøyværingen Steffen Kvalsund.

Om ein kikar innom «bergsoy.com» finn ein eit vell av nyheiter, informasjon og ikkje minst historisk materiale samla i form av tekst, bilde og video. Slikt lagar seg ikkje over natta. til no har Steffen Kvalsund lagt ned tre års frivillig innsats for å bygge opp sidene, og enda står [illegible] tenkt å halde fram innsatsen.

- Det er framleis mange årstal og fakta som manglar. Eg har teke litt tak i det som skjedde på 1970 og 1990-talet, men når detgjeld 1980-talet er det førebels ganske blankt, seier han.

Resultatet av innsatsen så langt er over 500 kampreferat og andre historiske skattar frå klubben si historie.

Steffen starta arbeidet med sidene i august for tre år sidan. A-laget eller kven som har scora flest mål, gjer ein det med eit enkelt tastetrykk.

Steffen Kvalsund har ikkje teke noko utdanning innan webdesign. Alt er sjølvlært sidan har byrja å sysle med sida for tre år sidan.

- Det heile starta eigentleg i jubelstemninga då vi var klare til å møte Averøykameratane i kvalik. Sidan har det berre balla på seg, seier han til Vest-

- Og det kjem eg nok til å halde fram med også, seier han.

Nettsidene til Bergsøy-fotballen har blitt ein populær stop- [illegible]

- Til no har eg inneke ei ganske passiv journalistisk haldning til jobben, men etter kvart som informasjonsbitane skal på plass må og nok gå meir aktivt ut for å [illegible]

---

seks strake sigrar på rad, vart det ein aldri så liten nedtur då laget i sin siste kamp for sesongen tapte 0-3 mot KM-vinnar Hødd. Samtidig vann Hareid mot Herd, og passerte dermed Bergsøy på målstreken. Hareid enda dermed som nummer tre, bak Hødd og AaFK, medan Bergsøy enda på fjerdeplass. Dei fire første laga blir også seeda i trekninga framfor kvalifiseringskampane til neste års 1. divisjon.

Og sjølv om Hødd vann til slutt 3-0, var kampen langt jamnare enn resultatet tilseier. I ein sjansefattig første omgang var det faktisk heimelaget som hadde eit lite overtak, sjølv om ingen av laga greidde å spele seg fram til store sjansar. Også i byrjinga av andre omgang var det Bergsøy som hadde eit lite trykk, og Steffen Moltu hadde ein kjempesjanse til å gi heimelaget leiinga då han kom åleine med Hødd-keeperen, men diverre mislukkast Steffen i det avgjerande trekket.

Kampen låg no og «bikka», men mot slutten sette Hødd eit ekstra gear, og tok leiinga midtvegs i omgangen på ei litt lettkjøpt scoring. Ein kalddusj for heimelaget, som etter dette såg ut til å miste konsentrasjonen og litt av kampgløden. Dette utnytta Hødd, og putta på ytterlegare to mål, Dermed kunne «distriktslaget» til Hødd, som har eit fåtal ekte «høddarar» på laget innkassere ein fortent siger. Det er av sine eigne ein skal ha det, heiter det i ordtaket, for det høyrer med til historia at det var den tidlegare Bergsøyspelaren Joakim Magnussen som sette inn nådestøtet, og vart den avgjerande brikka mot sine tidlegare lagkameravere ein litt spesiell [illegible] for Joakim, som i dei to siste sesongane altså har valgt å spele for «distriktslaget» Hødd framfor moderklubben Bergsøy.

- Dette var sjølvsagt eit tungt tap for karane, for dette var ein kamp dei gjerne ville vinne, seier BIL-trenar Odd-Arne Seljeseth i ein kommentar etter kampen.

- Diverre måtte vi stille utan to av våre mest sentrale spelarar, vår forsvarssjef Magne Havnen (3 gule) og toppscorar Frantz Frantzen, som skada seg på siste trening. Og slik kampen utvikla seg meiner eg at med desse to på plass kunne kampen lett fått eit anna utfall, seier Seljeseth. Men det blir sjølvsagt berre spekulasjonar. Han vil likevel gi laget ros for å ha gjennomført ein flott kamp og ein strålande sesong. Særleg unge Terje Teige i BIL sitt midtforsvar, og midtbanespelarane Kjell Alfred Otterlei og Kjetil Paulsen spelte ein god kamp, og var eit strå «hvassare» enn sine lagkamerater. Og Odden ser lyst på framtida for Bergsøy juniorlag.

- Ja, dette er ein treningsvilljug og godt samansveisa kameratgjeng med sterk lojalitet til klubben sin. Eg føler meg overtydd om at desse vil markere seg sterkt også i tida som kjem. Og med tanke på at laget misser berre 3-4 spelarar til neste års sesong, bør Bergsøy heilt klart ha kapasitet til å kjempe om junior-KM også i 2006. Det er sterkt ikkje minst med tanke på laget stiller kun med spelarar som er oppflaska i klubben, seier Odden, som gled seg til å halde fram som juniortrenar også neste sesong.

**Ref.**

Dei fire første laga blir også seeda i trekninga framfor kvalifiseringskampane til neste års 1. divisjon.

Og sjølv om Hødd vann til slutt 3-0, var kampen langt jamnare enn resultatet tilseier. I ein sjansefattig første omgang var det faktisk heimelaget som hadde eit lite overtak, sjølv om ingen av laga greidde å spele seg fram til store sjansar. Også i byrjinga av andre omgang var det Bergsøy som hadde eit lite trykk, og Steffen Moltu hadde ein kjempesjanse til å gi heimelaget leiinga då han kom åleine med Hødd-keeperen, men diverre mislukkast Steffen i det avgjerande trekket.

Kampen låg no og «bikka», men mot slutten sette Hødd eit ekstra gear, og tok leiinga midtvegs i omgangen på ei litt lettkjøpt scoring. Ein kalddusj for heimelaget, som etter dette såg ut til å miste konsentrasjonen og litt av kampgløden. Dette utnytta Hødd, og putta på ytterlegare to mål, Dermed kunne «distriktslaget» til Hødd, som har eit fåtal ekte «høddarar» på laget innkassere ein fortent siger. Det er av sine eigne ein skal ha det, heiter det i ordtaket, for det høyrer med til historia at det var den tidlegare Bergsøy-spelaren Joakim Magnussen som sette inn nådestøtet, og vart den avgjerande brikka mot sine tidlegare lagkamerater etter kampen.

- Diverre måtte vi stille utan to av våre mest sentrale spelarar, vår forsvarssjef Magne Havnen (3 gule) og toppscorar Frantz Frantzen, som skada seg på siste trening. Og slik kampen utvikla seg meiner eg at med desse to på plass kunne kampen lett fått eit anna utfall, seier Seljeseth. Men det blir sjølvsagt berre spekulasjonar. Han vil likevel gi laget ros for å ha gjennomført ein flott kamp og ein strålande sesong. Særleg unge Terje Teige i BIL sitt midtforsvar, og midtbanespelarane Kjell Alfred Otterlei og Kjetil Paulsen spelte ein god kamp, og var eit strå «hvassare» enn sine lagkamerater. Og Odden ser lyst på framtida for Bergsøy juniorlag.

- Ja, dette er ein treningsviljug og godt samansveisa kameratgjeng med sterk lojalitet til klubben sin. Eg føler meg overtydd om at desse vil markere seg sterkt også i tida som kjem. Og med tanke på at laget misser berre 3-4 spelarar til neste års sesong, bør Bergsøy heilt klart ha kapasitet til å kjempe om junior-KM også i 2006. Det er sterkt ikkje minst med tanke på laget stiller kun med spelarar som er oppflaska i klubben, seier Odden, som gled seg til å halde fram som juniortrenar også neste sesong.

**Ref.**

---



** Steffen Kvalsund har lagt ned tre års arbeid med å utvikle nettsidene til Bergsøy fotball, og enda står det mykje att,seier han.*

Bergsøy fotball sine nettsider på «bergsoy.com» har blitt kåra til den åttande beste i landet i ein nasjonal konkurranse. Bak dei veldesigna og informasjonsspekka nettsidene står herøyværingen Steffen Kvalsund.

Om ein kikar innom «bergsoy.com» finn ein eit vell av nyheiter, informasjon og ikkje minst historisk materiale samla i form av tekst, bilde og video. Slikt lagar seg ikkje over natta. til no har Steffen Kvalsund lagt ned tre års frivillig innsats for å bygge opp sidene, og enda står det mykje att, seier han.

- Ja, eg føler i grunnen at eg berre så vidt har byrja å skrape på toppen av all historien som ligg gøymt rundt Bergsøy IL, seier han på telefon frå Bergen. Vi tolkar det som om han har tenkt å halde fram innsatsen.

- Det er framleis mange årstal og fakta som manglar. Eg har teke litt tak i det som skjedde på 1970 og 1990-talet, men når detgjeld 1980-talet er det førebels ganske blankt, seier han.

Resultatet av innsatsen så langt er over 500 kampreferat og andre historiske skattar frå klubben si historie.

Steffen starta arbeidet med sidene i august for tre år sidan. Etter det har sidene vakse seg til å bli ein imponerande kjelde til kunnskap om Bergsøy idrettslag. På sidene er all informasjonen oversiktleg presentert. Om ein til dømes ynskjer å finne ut kven som har flestkampar for A-laget eller kven som har scora flest mål, gjer ein det med eit enkelt tastetrykk.

Steffen Kvalsund har ikkje teke noko utdanning innan webdesign. Alt er sjølvlært sidan har byrja å sysle med sida for tre år sidan.

- Det heile starta eigentleg i jubelstemninga då vi var klare til å møte Averøykameratane i kvalik. Sidan har det berre balla på seg, seier han til Vestlandsnytt.

Steffen har vore på A-laget til Bergsøy sidan 2001. Etter at han tok til å studere i Bergen har han vore pendlande spelar og har teke turen heim til kvar kamp.

- Og det kjem eg nok til å halde fram med også, seier han.

Nettsidene til Bergsøy-fotballen har blitt ein populær stoppestad for dei sportsinteresserte surfarane. Til no viser teljaren på sida over 55.000 treff, og det er eit tal som kjem til å vekse etter kvart som sidene vert meir og meir komplette og ny informasjon kjem til.

- Til no har eg innteke ei ganske passiv journalistisk haldning til jobben, men etter kvart som informasjonsbitane skal på plass må eg nok gå meir aktivt ut for å finne opplysningane, seier medievitenskapsstudenten Steffen Kvalsund. I samband med det oppmodar han folk som sit på spennande historier og fakta om klubben om å ta kontakt.